

Musikkveteranar med nye skinande instrument.

01.09.2020



Trombonistane Knut Steinsletten(t.v.) og Lars Myklebust saman med tubaisten Thor Inge Døssland med dei flotte nye instrumenta.

**Veteranane i Uskedal musikklag er svært aktive både når det gjeld øving og når det gjeld opptredenar. No kan også tubaisten og trombonistane stilla med flunkande nye kvalitetsinstrument takka vere ei raus gavé frå Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad. Ved tildelinga i vår fekk laget 130.000 kroner til innkjøp av dei tre instrumenta.**

Då alle instrumenta i bandet var passert 35 år, var tida inne for å senda søknad om midlar til kjøp av to trombonar og ein ess-tuba. Det vesle, men svært aktive bandet med opp mot 20 årlege opptredenar, var heilt avhengige av støtte for å klara å fornya instrumentparken. I vår var første gang laget sökte Sparebankstiftinga om midlar til instrumentkjøp, og dei sette svært stor pris på at dei vart tildelt flotte 130.000 kroner. No er instrumenta kjøpt inn, og tekne i bruk, og det høyrest på klangen i bandet.

Trombonistane Lars Myklebust og Knut Steinsletten spelar no på to flotte Yamaha-trombonar som dei er svært fornøgde med, medan Thor Inge Døssland sit på ein kvalitets-tuba av merket JP Sterling. Prisen på trombonane er vel 36 tusen, medan tubaen har ein veilegende pris så vidt under 100 tusen. Gode prosentar gjorde at musikklaget betalte ca. 140.000, og av dette fekk dei alså 130 tusen frå Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad.

Korpset har hatt ei øving i veka gjennom heile sommaren. Dei har også hatt nokre opptredenar. No held dei fram med fast øving på tysdagskveldane, og i tillegg legg dei inn ei 'frivillig' øving på torsdagane. Den unike spelegleda og det trivelege miljøet gjer at frammøtet også er tett på 100% på dei frivillige øvingane. Bandet er kjend for eit publikumsvennleg repertoar, og dei er no i gang med å fornya det med nye spenstige låtar. Den aktive musikkgjengen håpar det skal bli ein god del opptredenar også i tida framover trass i den usikre koronasituasjonen.

Uskedal musikklag har tidlegare motteke stønad frå Sparebankstiftinga til lys på julegrana og til opptaksutstyr.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Svein A. Sunde